

Saksbehandlar: Joakim Systaddal, Plan og samfunn
Sak nr.: 21/2557-2

Søknad til kommunalt næringsfond frå Sæle Sag AS

Rådmannen rår formannskapet til å gjere slikt vedtak:

1. Formannskapet løyver inntil kr. 212 500 til bedriftsutvikling og inntil kr 100 000 til investeringar, samla kr 312 500, frå kommunalt næringsfond for Sogndal kommune 2021, til Sæle Sag AS. Tilskotet er avgrensa til 25 % av dei godkjende bedriftsutviklingskostnadane, samt 10,6 % av investeringskostnadane.

Vedlegg:

- Søknad frå Sæle Sag AS

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Saka

Sæle Sag AS søker om kr 400 000,- til biotiltak. Sæle Sag AS ynskjer å lage råstoff til pelletsproduksjon av sine biprodukt i staden for å lage råstoff til avisepapir. For å få til dette, må Sæle Sag investere i ein fres som skal koplast på eksisterande produksjonslinje. Tilskotsbeløp over 200.000,- er i retningslinjene for fondet delegert til formannskapet.

Bakgrunn

Sæle Sag AS er eit sagbruk og ein pallefabrikk med 15 personar direkte knytt til verksemda. Sæle Sag AS held til i Sæle, Balestrand, og hadde i 2019 en driftsinntekt på 42 287' kr, med et resultat før skatt på 2 598' kr.

Prosjektet

Prosjektet går ut på å produsere råstoff til Pelletsproduksjon. Ved å kople ein fres på enden av eksisterande produksjonslinje, har Sæle sag estimert at verksemda vil kunne produsere råstoff til ca 1500 tonn pellets per år. Sæle vil kjøpe fresen frå ein forhandlar i Sverige og bruke ein norsk leverandør av elektromekaniske tenester for ombygging og tilpassing til eksisterande produksjon, då det per i dag ikkje finnes ei løysing for å kople ein fres på denne type produksjon. Sæle sag reknar at planleggingsarbeidet vil byrje i april og installasjon seinhausten 2021.

Kostnadsplan

Tittel	Sum
01. Prosjektkostnadar	950 000
02. Opplæring	300 000
03. Ekstern kompetanse	850 000
Sum kostnad	2 100 000

Finansieringsplan

Tittel	Sum
01. Tilskot frå næringsfondet	400 000
02. Lån i bank	0
03. Eigenkapital	1 100 000
04. Eige arbeid	600 000
Sum finansiering	2 100 000

3. Vurderingar og konsekvensar

Vurdering

I strategisk plan for samfunn og næringsutvikling for Sogndal kommune, er eitt av satsingsområde å nytte naturgjevne fortrinn, her under; lokal produksjon og foredling av naturressursar. Sæle sag er ein viktig aktør i Skogbruksnæringa i Sogndal kommune.

Verksemnda beskriv eit prosjekt med eit stort potensiale for lokal verdiskaping, som svarar godt på dei lokale behova. Satsinga vil gjere verksemnda i stand til å i mot all type trevirke, og slik bidra til at lokale skogeigarar kan selje tømmeret lokalt. I Sogn er det no mykje hogstmoden furu som sagbruka i Sogn, per i dag, ikkje ynskjer å ta i mot, då biprodukta vert reint avfall. Ved å kople på ein fres, vil sagbruket kunne nytte mellom anna furu som råstoff til pelletsproduksjon.

Søkar estimerer at ved å kople på ein fres for produksjon av råstoff til pelletsproduksjon vil i første omgang generere eit behov for opp til to nye tilsette. Å leggje til rette for å ta i mot meir lokalt trevirke vil også auke behovet for hogstarbeidarar og eksempelvis utbygging av skogvegar, for å kunne frakte trevirket ut. Estimerte ringverknadar av prosjektet vil i følgje søkar vere opp mot 10 nye arbeidsplassar. I lokal samanheng vurderer rådmannen prosjektet til å ha stor sysselsettingseffekt.

Søkar peikar og på endringa mot eit meir digital samfunn, som truleg vil redusere marknaden for leveranse av råstoff til papirproduksjon, mens det er eit aukande behov for råstoff til pelletsproduksjon. Prosjektet vil såleis gjere verksemnda meir robust mot framtidige variasjonar i marknaden.

I søknaden vert det også peika på at ved å kunne ta i mot fleire type tømmer vert verksemnda i mindre grad avhengig av å kjøpe tømmer frå andre stadar i landet. Dette vil følgeleg bidra til redusert transport og dei påfølgjande miljøavtrykka. Samla sett er prosjektet vurdert til å vere eit positivt bidrag i det grøne skiftet, særleg med merksemd på FN's berekraftsmål nr9. Der dette prosjektet vil bruke utviklingsaktivitetar for å finne nye effektive måtar å nytte lokale ressursar og industri på.

I vedlagde dokument kjem det fram at kr 950 000 gjeld investering i ny fres – dette vert vurdert som ei naudsynt investering som vert ein del av det godkjende kostnadsgrunnlaget. Kostnadspost 2, kr 300 000 til opplæring av dei tilsette, er eit godt bedriftsutviklingstiltak som er viktig for at prosjektet skal verte vellukka, denne kostnaden vert og vurdert som ein del av det godkjende

kostnadsgrunnlaget for bedriftsutvikling. Kostnadspost 3 består av 250 000 i framføring av ny el-forsyning, 300 000 kr til ombygging og tilpassing av mekaniske komponentar, dette er viktige aktiviteter i utviklinga av verksemda. Dei siste 300 000 gjeld tap av produksjon pga. stå-tid. Sjølv om tap av produksjon er ei følgje av prosjektet, vert ikkje dette definert som ei investering eller bedriftsutvikling, kostnaden vert såleis ikkje inkludert i det godkjende kostnadsgrunnlaget. Av kostnadspost 3 vert kr 550 000 vurdert som ein del av det godkjende kostnadsgrunnlaget for bedriftsutvikling. Samla vert kr 850 000 vurdert som ein del av det godkjende kostnadsgrunnlaget for bedriftsutviklingsaktivitetar.

Verksemda har ikkje tidlegare motteke støtte frå andre kompensasjonsordningar og prosjektet svarar godt til retningslinjene for fondet. Då Sæle sag som verksemd i mindre grad har vorte råka av Covid-19 pandemien og det er avgrensa rammer i fondet, vert det foreslått å støtte prosjektet med 25 % til bedriftsutviklingsaktivitetar, totalt kr. 212 500. Jamfør retningslinjene til fondet kan kvar einskild prosjekt maksimalt få kr 100 000 i tilskot til investeringar. Det vert difor foreslått å støtte prosjektet med 10,6%, totalt kr 100 000 til investeringar.

Det er rådmannen si vurdering at det er viktig at kommunen stettar prosjekt med potensiale for å skape fleire arbeidsplassar og som synleggjer viktigeita av å bruke nye produksjonsmetodar for å nyttegjere meir av dei lokale ressursane. At støtte frå kommunen er av uttalt betydning for søkjar og i stor grad utløysande for prosjektet, er ein del av grunnlaget for den tilrådde utmålinga. Samla vert det tilrådd å støtte prosjektet med kr 312 500.

4. Konklusjon

Rådmannen vurderer prosjektet som viktig for å utvikle verksemda, verdikjeda og bransjen vidare, og tilrår at det vert løyvd tilskot i samsvar med saksutgreiinga.